

# Emnerapport DIDAENG2

Våren 2017

**Emnekode: DIDAENG2 – Engelskdidaktikk 2**

**Emneansvarleg:** Sigrid Ørevik

**Andre lærarar på emnet:** Hild Hoff, Aud Solbjørg Skulstad og Kimberly Skjelde

**Tal på studentar melde til eksamen: 22**

## Undervisning og vurdering

Undervisninga i DIDAENG2 har vore samansett av 8 doble førelesingar separat for emnet og eit dagseminar saman med didaktikkemna i dei andre framandspråka og i norsk. Tema for førelesingane har vore didaktiske perspektiv på litteratur, interkulturell kompetanse og danning, grammatikk, vokabular, skriveopplæring og vurdering av munnleg og skriftleg kompetanse i engelsk. Temaet for dagseminaret i 2017 var kultur møte gjennom multimodale tekstar i språkfaga. Seminaret var sett saman av ei innleiande førelesing om multimodalitet og korleis multimodale tekstar kunne brukast i arbeid med kulturrelaterte emne i språkfaga, arbeid i tverrfaglege grupper med eit undervisningsopplegg som kunne tilpassast fleire språkfag, og to parallellsesjonar med presentasjon av undervisningsopplegga.

DIDAENG2 har eitt obligatorisk arbeidskrav, som er knytt til vurderingsforma den ein skilde studenten har valt. Studentar som har valt prosjektoppgåve, leverer eit førsteutkast til ein del av denne, medan studentar som har valt munnleg eksamen, leverer ein tekst der dei presenterer ulike fagdidaktiske perspektiv på ei problemstilling dei sjølv har identifisert. Studentane får individuell tilbakemelding på det obligatoriske arbeidet av faglærar.

Vurderingsformene i didaktikkemna på 2. semester PPU er delte slik at studenten tar munnleg eksamen i det eine og skriv prosjektoppgåve i det andre didaktikkemnet. I 2017 tok 3 studentar munnleg eksamen, medan 19 skreiv prosjektoppgåve i DIDAENG2.

Resultata frå eksamen fordeler seg som følgjer:

### Munnleg eksamen (3 kandidatar)

A: 1

B: 1

C: 1

### Prosjektoppgåve (19 kandidatar)

A: 2

B: 4

C: 8

D: 3

F: 2

### **Resultat av studentevalueringar**

Studentevalueringane har vore gjennomførte anonymt ved manuell skriftleg (handskriven) respons på spørsmål. Det følgjande er eit samandrag av to studentevalueringar frå våren 2017. Den eine gjeld dagseminaret i starten av semesteret; her er svara frå studentane på DIDAENG2-emnet tekne med (10 studentar leverte svar). Svara her er berre kort summerte. Den andre er ei evaluering av heile emnet, som vart skriven og samla inn under siste førelesinga; her kom det inn svar frå 8 studentar. Svara på denne evalueringa gjeld heile emnet og er difor meir utførleg presenterte.

#### Evaluering av dagseminaret

Tilbakemeldingane frå dagseminaret i januar var stort sett positive i høve til den innleiande førelesinga og diskusjonane i grupper. Studentane melde at førelesinga hadde nytteverdi i høve til bruk av digitale medium og multimodale tekstar i undervisninga, og at gruppediskusjonen bidrog til å arbeida vidare med dette. Når det galdt utarbeiding av undervisningsopplegg i grupper, såg nokre av studentane den tverrspråklege vinklinga som interessant, andre opplevde at dei ulike faglege ståstadene gjorde arbeidet meir krevjande enn det ville ha vore i «reine» faggrupper. Presentasjonsdelen til slutt var det også blanda tilbakemelding på; eit forslag her

var at to og to grupper kunne presentera for kvarandre og med det få ein tettare og meir konkret diskusjon av opplegga.

## Evaluering av emnet DIDAENG2

### **1) *Hvordan vurderer du utbyttet av kurset i fagdidaktikk som helhet?***

Studentane melder jamt over at dei har hatt godt utbytte av kurset. Ein del synest det blir for mykje vekt på teori og ønsker meir fokus på den praktiske undervisninga.

### **2) *Hvordan synes du kurset i fagdidaktikk har fungert i forhold til praksis?***

Studentane opplever for det meste at tema som er tekne opp i undervisninga er relevante for praksis, og nokre ser tettare samanheng mellom teori og praksis i dette emnet enn i det føregåande DIDAENG1-emnet. Men ei gjennomgåande tilbakemelding er at teorien kunne ha vore endå tettare knytt opp til praksis.

### **3) *Hvordan vurderer du nytten av den obligatoriske oppgaven du har skrevet?***

Her ser studentane nytten av å gå i djupna i høve til ei fagdidaktisk problemstilling, men fleire studentar meiner at ei oppgåve på 5000 ord er for krevjande for eit emne som berre gir 7,5 studiepoeng.

### **4) *Har du opplevd praksis i engelsk som gode lærings situasjoner? Forklar hvordan og hvorfor.***

Praksisperioden vert gjennomgåande erfart som ein god læringsarena. Ein av studentane føreslår å diskutera teori og oppgåveskriving i større grad under praksisbesøket.

### **5) *I hvilken grad har du fått lest teori i løpet av semesteret?***

Mange har opplevd problem med å få tid til å lesa pensumlitteratur, særleg under praksisperioden.

### **6) *Hva mener du eventuelt må til for å kombinere teori og praksis på en bedre måte?***

Her var det ønske frå fleire studentar om å fokusera meir på skolepraksis under førelesingane. Døme på konkrete forslag: «Flere eksempler på undervisningsopplegg» og «Kanskje en del av hver forelesning kan være ‘real world tips’ som summerer det viktigste for praksis».

**7) *Opplever du pensum som relevant for studiet? Hva synes du om vanskegrad og innhold?***

Dei fleste meiner at pensum er relevant, men noko omfattande for eit 7,5 poengs emne. Vanskegraden vert opplevd som varierende, men ikkje problematisk. Ein av studentane ønsker fleire artiklar med fokus på norske tilhøve og mindre internasjonal forskningslitteratur.

**8) *Hva synes du om fordelingen av undervisningen i forhold til forelesninger, seminar og oppgaveskriving? Hvis du synes en annen fordeling ville ha vært ønskelig, skriv gjerne hvordan denne kunne ha sett ut.***

Dei fleste meiner fordelinga av undervisninga er grei, men nokre av studentane uttrykker ønske om fleire seminar og færre førelesingar.

Faglærarane sine kommentarar

Tilhøvet mellom teori og praksis er eit gjennomgåande tema i studentevalueringane av DIDAENG2-emnet. I undervisninga blir språkdidaktiske tema knytte opp til teori og til praktisk undervisning i engelskfaget, men det er likevel ønske frå studentane om meir opplæring og tips i høve til å laga undervisningsopplegg. Frå faglærarane sin ståstad er utfordringa å få til ein konstruktiv balanse mellom teoretiske og praktiske aspekt av eit så omfattande og komplekst emne som engelskdidaktikk. Me arbeider likevel heile tida med å profesjonsretta dei teoretiske aspekta og bruka desse som utgangspunkt for refleksjon rundt undervisning og rettleiing av elevar, og me diskuterer kontinuerleg i faglærargruppa korleis me kan gjera dette betre. Til dømes ser me det som eit mål å leggja opp til endå fleire bidrag og innspel frå studentane i undervisningssituasjonane.

Når det gjeld omfang av prosjektoppgåva, har me redusert dette frå 5000 til 4000 ord. Endringa i emneplanen er godkjend til å gjelda frå og med våren 2018. I høve til pensumlitteraturen vil nye relevante bidrag bli tilgjengelege om kort tid, mellom anna to antologiar innanfor engelskdidaktikkfeltet med artiklar skrivne av tilsette ved norske lærarutdanningsinstitusjonar; desse vil dermed for ein stor del ha engelskfaget i norsk skole som kontekst.